

Maren Nilsdotter f.1840.

Fødd i Leinesodden som dotter av Beret Marta og Nils Olsen.
Sjå nr.12.

14.

Håcen Stencrim Lindseth f.1821.

Han kom frå Sundalen på Nord-Møre. Etter seminar kom han til fogden på Sandnes som kontorist, og der møtte han ei Gurine frå Elverum som var barnepleiar hos fogdefamilien, og det var til at dei gifta seg.

Han fekk då post som lærar i Leirfjord, og kjøpte garden Åsen (indre) som han dreiv ved sida av lærargjerninga. Om ei tid kom det opp at han hadde 2 "uekte" barn, Kristoffer og Ingebrikt, som han måtte ta til seg, vart han oppsagt frå lærarstillinga, så då vart han berre gardbrukar.

Det heiter at det var han som sette seg i spissen for å få bygd kjerka på Leland.

Dei 2 "uekte" barna hans var:

Ingebrikt f.1842.

Han vart gift med Johanna Mortensdatter Sund, og dei kjøpte seg gard på Nordnes som dei dreiv ei tid. Dei vart, som mange andre; smitta av Amerikafebera, og dei enda som farmarar der borte. Dei hadde 4 barn med seg bortover.

Kristoffer f.1844.

Kom med i gruvedrifta i Nord Rana, og vart der.

I ekteskapet fekk dei desse barna:

Wilhelma f.1857.

Oline Emilie f.1861, g.m. Jørgen Olsen Båtstø.

Margrethe f.1868, g.m. Nils Olsen Båtstø.

Jørgine Amalie f.1871. Amerika.

Stefanus f.1859.

Jakob f.1864.

Håkon f.1866. Amerika.

15.

Gurine Lindseth f.1829.

Det er i grunnen lite ein veit om henne, utenom det som er oppført under nr.14.